

# ÅRSPLAN

## GAMLESTOVA BARNEHAGE

### 2022



*«MED BARNA BYGGJER VI FRAMTIDA»*

## FØREORD

Barnehagen har eit samfunnsmandat å ivareta. Som barnehage skal vi i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.

For å synleggjere våre tankar om korleis, nyttar vi årsplanen. Årsplanen er eit dokument tilpassa alle avdelingane ved Gamlestova barnehage. Den er eit arbeidsreiskap for personalet samstundes som den skal gje foreldre og andre interesserte innsikt og informasjon om mål og innhald i barnehagen. Den gjeld for kalenderåret 2022. Starten av årsplanen vil ha ein meir generell del med overordna punkt. På slutten av årsplanen vil det vere meir konkret korleis vi skal jobbe dette året.

Rammeplanen s. 15:

*«Barnehageeigaren og alle som arbeider i barnehagen, skal saman bidra til å oppfylle måla og krava i rammeplanen med utgangspunkt i dei erfaringane og den kompetansen dei har.»*

Dette viser at rammeplanen er forpliktande å jobbe etter for alle dei tilsette.

Årsplanen byggjer på følgjande overordna styringsdokument:

[Barnehagelova \(bhg.lova\)](#)

[Rammeplan for barnehagen \(RP\)](#)

[FN's barnekonvensjonen](#)

I årsplanen finn ein grunnlaget for arbeidet som avdelingane legg opp til, og det skal vise att i informasjon, månadsplanar, vekeplanar og i det daglege arbeidet på avdelingane. Månads- og vekeplanar vil vere konkrete og innehalde aktivitetar og opplysningar om den komande månaden og veka. Planane er ulike for avdelingane, og dei er tilpassa den einskilde barnegruppa. Planane er rettleiande.

Vidare i årsplanen vil det vere utdrag frå dokumenta som vi skal byggje vår drift på, og det skal vise korleis vi tenkjer at vi skal jobbe med det i vår barnehage.

Barnehagen har ulike samarbeidspartar. Det er med kommunale og interkommunale instansar som: PPT, BUP, helsestasjonen og barnehagehelsesjukepleiar, Sogn barnevern, fysioterapeut, HSP team, Hafslo barnehage, Hafslo barne- og ungdomsskule, foreldrerådsstyre (FAU), Gamlestova barnelag og Samarbeidsutvalet (SU).

På heimesida til barnehagen ([www.oppvekst.luster.no/gamlestova](http://www.oppvekst.luster.no/gamlestova)) finn de informasjon og linkar til ulike dokument som til dømes Rammeplan for barnehage og barnehagelova.

## INNHALDSLISTE:

* Informasjon om Gamlestova barnehage .....	side 4
* Gamlestova barnehage, vårt innhald og føremål .....	side 5
* Vaksenrolla .....	side 6
* Barns medverknad .....	side 9
* Toddlerar – dei yngste barna .....	side 9
* Samarbeid heim – barnehage .....	side 10
* Overgangar .....	side 11
* Barnehagen som pedagogisk verksemd .....	side 11
* Fagområde .....	side 12
Nærmiljø og samfunn .....	side 13
Kommunikasjon, språk og tekst .....	side 14
Kropp, rørsle, mat og helse .....	side 15
Kunst, kultur og kreativitet .....	side 16
Natur, miljø og teknologi .....	side 17
Mengd, rom og form .....	side 18
Etikk, religion og filosofi .....	side 19
*Utviklingsområder .....	side 20
*Årshjul .....	side 21



# INFORMASJON OM GAMLESTOVA BARNEHAGE

Gamlestova barnehage starta august 1989. Det er fem avdelingar – Loftstova, Storestova, Vetlestova og Stova. Totalt er det 86 plassar, fordelt slik første halvår:

Loftstova	24 plassar	barn fødd i 2016, 2017, 2018
Storestova	18 plassar	barn fødd i 2017, 2019
Vetlestova	18 plassar	barn fødd i 2019, 2020
Stova	18 plassar	barn fødd i 2019, 2020

Vårhalvåret er barnegruppa på Loftstova delt i to. Dei som er fødte i 2016 (Solgruppa) er ei gruppe, og dei som er fødte i 2017 og 2018 er ei gruppe (Måne- og Stjernegruppa). Ei veke vil dei vere ute ved grillhytta og Kjellarstova, og ei veke vil ein vere på avdeling Loftstova.

Styrar : Per Rune Joranger 100 % stilling

Assisterande styrar: Linda Midtun 50 % stilling

Heimeside: [www.oppvekst.luster.no/gamlestova](http://www.oppvekst.luster.no/gamlestova)

Kvar avdeling har sine månadsplanar med informasjon. Desse blir sende ut på epost, visma og/eller publisert på facebook. Vekeplanar blir hengt opp på oppslagstavla til avdelinga.

**Barnehagen er stengt i 2 veker i juli måned (veke 29 & 30). Barnet skal ha 4 veker ferie i kalenderåret, der 3 av desse skal vere samanhengande og takast i samband med dei to vekene barnehagen er sommarstengt. Dei 5 planleggingsdagane kan utgjere den 4. ferieveka til barnet.**

Opningstid Gamlestova bhg : kl. 07.30 – 16.30.

Det er fint med beskjed før kl. 9.00 om barnet har fri, kjem seinare eller er sjuk. Samling, aktivitetar og turar startar ofte kl. 9.30.

Det er 5 planleggingsdagar gjennom året 2021, og då er barnehagen stengt!

<b>Måndag</b>	<b>03.01.21</b>
<b>Fredag</b>	<b>27.05.21</b>
<b>Torsdag</b>	<b>11.08.21</b>
<b>Fredag</b>	<b>12.08.21</b>
<b>Fredag</b>	<b>04.11.21</b>

Søknadsskjema og prisar finn du på heimesida til barnehagen.

## Tlf. nr avdelingane

Loftstova	954 10 865
Loftstova, Solgr	979 51 215
Storestova	954 17 731
Vetlestova	954 17 819
Stova	969 46 759

## Tlf. nr kontoret 576 85 850

## Gamlestova barnehage – vårt innhald og føremål

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd med tradisjonar og eigenart. Den skal byggje på eit heilheitleg læringsyn. Det vil seie at personalet vurderer spontane og planlagde lærings situasjonar som like viktige for barna si utvikling og læring, og for dei yngste barna er kvardagsaktivitetane som t.d måltid og påkledning viktige trenings situasjonar. I Rammeplan for barnehagen (RP) finn ein formål og innhald for arbeidet vårt. Innhaldet skal vere allsidig, variert og tilpassa det enkelte barnet og barnegruppa. Og sentrale omgrep er omsorg, leik, danning, læring, vennskap og fellesskap og kommunikasjon og språk. Under vil de finne ei samanfating frå desse områda henta frå RP.

Omsorg i barnehagen er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast. Personalet skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølve og andre. Barna skal oppleve at dei blir sett, forstått og respektert, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Vi skal leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barn og personal og mellom barn og barn. Personalet skal jobbe for eit miljø der omsorg er viktig, og der vi har eit miljø prega av trivsel, glede og meistring.

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og personalet skal anerkjenne verdien til leiken. Vi må legg til rette for gode forhold for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Uteleik og inneleik skal ha same verdi.

Danning skal vere ein prosess der barnet blir i stand til å handtere livet ved at dei utviklar evna til å vere prøvande og nysgjerrige på omverda og til å sjå seg sjølve som eit verdifullt medlem i eit større fellesskap. Barnehagen skal fremje samhald og solidaritet samtidig som ein verdset individuelle uttrykk og handlingar. Vi skal bidra til at barna kan forstå felles verdiar og normer, fremjar tilhøysla til samfunnet, naturen og kulturen. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnhagen vere med og sørge for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse.

Læring er og ein viktig del av barnehagekvardagen. Barnehagen skal opplevast som eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og meistre. Vi må legge opp til nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meningsfull samhandling. Nysgjerrigheit, kreativitet og vitelyst må anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine der dei undersøker, oppdagar og forstår samanhengar.

Vennskap og fellesskap er ein viktig del av det sosiale livet. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel andre barn og vaksne. Personalet skal leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Barna skal støttast til å utvikle sjølvkjensla og til å meistre balansen mellom å dekkje egne behov og ta omsyn til andre sine behov.

Kommunikasjon og språk er ein forutsetning for å kunne fungere godt sosialt. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling.

Desse punkta er knytt stekt opp mot samfunnsmandatet vårt. Dei skal vere med oss i alt vi gjer i vår kvardag. Og vi vil bruke resten av årsplan for å seie noko om kva som blir lagt vekt på i Gamlestova for å få til formål og innhaldet som er i RP.


## Vaksenrolla

Skal vi få til det som blir nemnt i rammeplanen og årsplanen er vi avhengig av den jobben dei vaksne gjer. For at barna skal trivast og ha det bra i barnehagen og tilbodet ha ein god kvalitet, er personalet den viktigaste ressursen. Vi jobbar og skal jobbe mykje med vaksenrolla. Barnehagen har fleire satsingsområder. De finn ein oversikt på side 25. Felles for dei fleste av desse, er at det skal vere ei kompetanseheving for personalet.

Vi jobbar med **Circle of security (COS) - tryggleikssirkelen**. Denne arbeidsmetoden har som mål å fremje tilknytning mellom barn og omsorgsperson, og vi som personal skal ivareta barna sine behov. COS er eit rammeverk eller ein mal som skal hjelpa oss å sjå og forstå barna sine behov. Det skal hjelpa oss til å vere «påkobla» og skape «forbindelse» i relasjonen med barnet.

Det er ein viktig **køyreregul** for personalet i denne arbeidsmetoden -> **Den vaksne skal alltid vere større, sterkare, klokare og god. Når det er mogleg skal vi følgje barnets behov, og når det er nødvendig skal vi ta tak eller leiing i situasjonen.**

Illustrasjonen under viser oss korleis vi skal møte barna i deira trong for utforsking:



Hendene til venstre i bilde er hendene til ein trygg omsorgsperson. I barnehagen er det personalet, og i heimen kan det vere dei føresette. Dei symboliserer det trygge. Oppe på sirkelen ser vi eit barn som er på veg ut for å utforske noko. I denne fasen treng barnet å bli støtta i utforskingen. Barnet treng ein vaksen som passar på barnet, gleder seg over barnet, hjelper barnet og har det fint saman med barnet. Det er naturleg for barnet å søkje tilbake til den trygge vaksenpersonen, tilbake til ei trygg hamn. Nede på sirkelen treng barnet å bli møtt av ein vaksen som kan beskytte barnet, trøste, vise godheit og hjelpe barnet til å organisere kjenslene sine.

Når ein har god kjennskap til denne sirkelen, er det lett å gjenkjenne dette systemet hjå barna. Når barnet søker den trygge havna, skal den vaksne stå klar og ta imot og møte barnet i kjenslene det har.

Vidare seier vi noko om kva vaksenrolla i barnehagen inneber, og det er viktige oppgåver som:

### **Tilretteleggarar**

Vi skal finne ut på kva modningsnivå barnet er på og byggje på dette for vidare utvikling. Vi må legge til rette for utfordringar, ny leik og følgje opp leikeinitiativ. I denne samanhengen byggjer vi ofte vidare på barna sine interesser og legg til rette for situasjonar der barna kan skape interesse for nye ting.

### **Motivator**

Vi skal motivere barna til å prøve nye ting og hjelpe dei slik at dei kan meistre det som er nytt for dei. Vi har eit breitt spekter av områder som dei skal få erfaringar frå. Det er viktig at vi rosar og oppmuntrar barnet når han/ho gjer noko bra eller noko nytt.

### **Rollemodellar**

Vi lyt gå føre med eit godt eksempel. Barna observerer og får med seg mykje av korleis vi handlar i ulike situasjonar. Vi skal handle omsorgsfullt overfor dei, og gjennom vår veremåte kan barn lære seg sosiale ferdigheiter.

### **Rettleiarar**

Vi har ein viktig jobb med å hjelpe barna til å bli sosialt kompetente. Vi lyt hjelpa dei til å finne ut og forstå kva som er rett og gale, og vi må rettleie dei i korleis ein opptrer saman med andre. I konfliktsituasjonar er det viktig at vi er der for begge partar og ivaretek interessene til alle.

### **Medforskar**

Vi må stille oss disponible for barna. Det kan vere ting dei undrar seg på, og vi må hjelpe dei i prosessen for å finne eit svar. Vi må ta oss tid og undre oss saman med dei i prosessen, og hjelpe dei til å finne hjelpemiddel for å finne svar på spørsmåla deira.

### **Hjelparar**

Vi må gjere ein jobb for å få barna til å fungere saman som gruppe. Alle barna må tilpasse seg kvarandre. Enkelte ganger kan det bli konflikt mellom det enkelte barn sitt ønskje og det som blir best for gruppa. Vi må hjelpe dei med å setje grenser for kva som er akseptabel åtferd ut frå alder og modning. Dette er ein del av dannelsingsprosessen, og danning er ein livslang prosess som mellom anna handlar om å utvikle evna til å reflektere over eigne handlingar. COS er eit godt arbeidsredskap for dei vaksne til å hjelpe til å endra åtferd, setje grense og evt ta leiing i ein situasjon på konstruktiv og god måte.

### **Anerkjennande veremåte**

Anerkjennande veremåte er basert på likeverd og inneber at ein ser på andre som eit individ med rettigheter, eigenverdi og ein separat identitet. Barnet får rett til å ha sine eigne erfaringar og opplevingar. Vi treng ikkje godta dei som dei rette, men det må innebere at vi er villige til å la barna ha sitt eige syn og eiga si eiga oppleving. Nokre omgrep er sentrale for den vaksne i anerkjennande veremåte og dei er:

### **Akseptering**

Vi skal ikkje dømmе andre moralsk, men vi skal akseptere den andre sin rett til si kjensle og si oppleving. Vi skal dermed ha vår merksemd retta mot barnet si oppleving og kjensle av situasjonen. Gje støtte til barnet på sine kjensler (både positivt og negativt).

### **Toleranse**

Toleranse inneber å tåle den andre sin veremåte. Vi skal ha ei open innstilling der vi prøver å forstå barnet sine handlingar og veremåte.

### **Stadfesting**

Det handlar om å fange opp bl.a. kjenslemessige uttrykk og formidle til den andre at eg ser og forstår.

### **Lytting**

I denne samanhengen snakkar vi om aktiv lytting, og det inneber å tore å vere stille og vente. Ein lyt opne sine eigne sansar for verbale og nonverbale uttrykk hjå den andre og gi den tid til å uttrykke seg/snakke seg ferdig.

Det er mange oppgåver den vaksne har. Skal kvar enkelt klare å oppfylle desse punkta må vi ta oss god tid saman med barna, vere engasjerte, nærverande og positive. Det handlar om den AKTIVE VAKSNE.

Fn's barnekonvensjon artikkel 3 barnet sitt beste skal vere ei god rettesnor for personalet. Vi må stille oss spørsmålet om kva som er barnet sitt beste no? Det er fleire perspektiv som må takast med i dei vurderingane. Det som er bra for barnet sitt beste på kort sikt, er det det beste på lang sikt? Er barnet sitt beste no det beste for gruppa, avdelinga?

Artikkel 31 seier at barn har rett til kvile og fritid og til å delta i lek og fritidsaktivitetar som passar til barnet sin alder. Det blir framheva at barna skal ha tid til å leike og dei skal få kvile seg.



## Barns medverknad

I vår barnehage skal og vil vi at barna skal ha medverknad på eigen kvardag. Dette er vi forplikta til gjennom:

Bhglov §1 - «De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger»

RP s.27 – «Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen.»

FN's barnekonvensjon legg vekt på det same i artikkel 12 - «Alle barn har rett til å seie meininga si, og deira meining skal bli tatt på alvor.»

For å ta dette på alvor skal personalet arbeide etter felles prinsipp om at:

- \* barna skal oppleve at dei er med å påverkar eigen kvardag
- \* barna skal verte tekne med på råd, planlegging og vurdering
- \* barna skal bli møtt av vaksne som er opne for deira innspel
- \* barna skal ha rett til å utfalde seg sjølv, men samtidig lære å ta del i fellesskapet
- \* personalet må gripe tak i det barnet er interessert i DER og DÅ

I høve til medverknad er det viktig for personalet å ha med seg dette:

- \* Kvifor seie nei, når du kan seie ja.....
- \* Vi seier ikkje nei før vi veit kvifor vi seier nei og kan begrunne det pedagogisk!

## Toddlrar – dei yngste barna skal og ha medverknad

Det er lett å tenkje at medverknad gjeld dei eldste i barnehagen, men slik er det ikkje. Dei minste, «toddlrane», kan også uttrykkje mykje gjennom kroppsspråk. Vi vel å ta med eit lite punkt om denne aldersgruppa. Kven er dei? Det kan vere vanskeleg å seie kvar den grensa går nøyaktig, men kanskje vi tenkjer mest på 1-2 åringane. For dei er det viktigaste å meistre kvardagen. Det vil seie at dei må øve seg i å vere ein del av gruppa (sosial kompetanse), og dei må øve seg i å bli sjølvstendige i måltid og garderobe. Dei treng mykje omsorg, kjærleik, tryggleik og inkludering og føle at nokon bryr seg om dei akkurat no og har tid til dei. Dei har lite verbalt språk og uttrykkjer seg gjennom mimikk og kroppsspråk. Dei brukar alle sansane sine og er motorisk aktive for å lære.

Klarar vi å ta omsyn til dette og det enkelte barnet sine behov, vil barnet trivast, noko som igjen vil føre til læring og utvikling på dei fleste områder (språkleg, intellektuelt, fysisk, sosialt og emosjonelt). For å oppnå god trivsel treng barn i denne aldersgruppa trygge rammer og at «livet» er forutsigbart. Vi skal legge art nr 3 i Fn's barnekonvensjon til grunn og der blir det lagt vekk på at vi skal ta omsyn til barnet sitt beste. Mottoet skal vere:

**«DET ER GODT Å VERA AKKURAT MEG, AKKURAT NO, AKKURAT HER»**



## Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Vi er opptekne av at det skal vere eit godt samarbeid kring barnet. Det vil seie at barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og god dialog. Noko av dette er det skrive om i heftet «[Til deg som er ny brukar av Gamlestova barnehage](#)», og det står mykje om det i RP. Der har ein delt opp samarbeid i individnivå og gruppenivå. På individnivå gjeld det foreldre til kvart enkelt barn. Vi skal leggje opp til god kontakt ved levering og henting. Det skal vere samtalar ved jamne mellomrom der ein kan utveksle observasjonar og vurderingar knytt til helse, trivsel og inkludering, erfaringar, utvikling og læring til det enkelte barnet. Barnehagen skal grunngi vurderingane sine overfor foreldre og ta omsyn til kva foreldra meiner. Samarbeidet skal også sikre at foreldre får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet.

Det skal også vere samarbeid på gruppenivå jmf RP s. 29. Det vil seie gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Dei skal ta seg av saker som er viktige for innhaldet i og verksemda til barnehagen. Dei skal vere med å fastsetje årsplanen.

## Overgangar

Å byrje i barnehage vil by på overgang for barnet. Dette er utdjupa i «[Til deg som er ny brukar av Gamlestova](#)», eit hefte som blir gitt til føresette når barnet byrjar i barnehagen. Her vil ein finne korleis ein tenkjer seg prosessen når eit barn byrjar i barnehagen. Denne prosessen er rettleiande. Vi avtalar gjerne saman med foreldre korleis vi skal gjere det.

Overgang i barnehagen vil skje ved byte av avdeling. Som oftast vil dette skje i august, men det kan og vere aktuelt i januar. Dette kjem an på kor mange barnehageplassar som er oppfylt og om det evt kjem inn fleire ungar. Denne prosessen er det personalet som styrer. Dei har kontakt med ny avdeling og er med på besøk til ny avdeling.

Ein av milepælane i barns liv er å byrje på skulen. Dette er noko dei både gleder seg og gruar seg for. Det er laga til ein plan for overgangen i samarbeid med Hafslo barne- og ungdomsskule. Den er gjeldande det siste barnehageåret, og de finn den på nettsida til barnehagen.

I denne planen er det og lagt opp til ein del samarbeid med Solgruppa i Hafslo barnehage. Målet er at dei skal bli klar over kven dei skal gå i klasse med, lære seg namn på kvarandre og lære seg å forholde seg til andre på ein god og konstruktiv måte. Det blir lagt opp til ulike aktivitetar som tur dagar, vere saman i gymsalen, gå på besøk til kvarandre sin barnehage og vere saman på skulen i kulturøktene.

## Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Dette for å gi barna eit tilrettelagt tilbod som er i tråd med barnehagelov, rammeplan og Fn's barnekonvensjon, og det pedagogiske tilbodet skal vere grunngeve ut frå desse dokumenta. I prosessane med planlegging og vurdering har barn og foreldre rett til å medverke.

Planlegginga skal vere systematisk og langsiktig, og vi skal syte for at det er progresjon for det enkelte barn og barnegruppa. Vi må gjere dette arbeidet basert på kunnskap om trivselen til barna, og den allsidige utviklinga deira individuelt og i gruppe. Vi skal basere det på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Vi skal vurdere drifta vår regelmessig. Vi skal beskrive, analysere og tolke vårt pedagogiske arbeid ut frå planar, barnehagelova og rammeplanen. Dette skal vi gjere for å sikre at alle barna skal få eit tilbod som er i tråd med gjeldande dokument. Heile personalgruppa skal involverst i vurderingsarbeidet. Dei felles refleksjonane skal gi utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Har vi fagleg og etiske problemstillingar, kan personalet lære av eigen praksis og til å bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd.

Dokumentasjon skal synleggjere korleis personalet arbeider med å oppfylle krava i barnehagelov og RP. Dette skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Dokumentasjonen kan gi foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Dette kan skje ved bilder på dei ulike avdelingane eller utstilling av noko dei har laga. Vi kan ha noko på facebookside til avdelingane, bruke Lustranytt og vise oss fram med program på ulike arrangement i barnehagen.

Personalet har ei viktig oppgåve i å verne om barna sin personlege integritet. Vi har med oss eit etisk perspektiv som vi legg til grunn ved dokumentasjon av enkeltbarn og barnegruppa. Vi vil ikkje gjere noko som kan utnyttast negativt mot nokon seinare. Dette vil de sjå att i bilda vi nyttar på facebook, der vi har med eit tryggleiksperspektiv.

## Fagområda

Det er sju fagområder i RP. Dei skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Vi må sjå fagområda i samanheng med anna innhald for dei opptrer sjeldan isolert. Personalet skal ta utgangspunkt i barna sitt engasjement og bidrag slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen. Det skal etablerast eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meningar. Personalet må stimulere til og utvikle kunnskapar og ferdigheiter gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. Under kvart av fagområda vil det vere ein progresjonstabell. Den viser kva vi tenkjer barna skal lære, meistre og oppleve av framgang på dei ulike alderstrinna. Utfordringane vil vere å tilpassa erfaringane, interessene, kunnskapane og ferdigheitene til barna. Personalet må ha dette med seg i val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leik, materiale og utforming av fysisk miljø. Mange av punkta tek ein med seg frå år til år. Det står kanskje kva ein skal oppleve som eitt-åring, og det tek ein med seg. Sjølv om ein blir både 3 og 4 år sluttar det ikkje å gjelde, men det står ikkje i tabellen. Vi skal vidareutvikle det frå år til år, og bygge stein på stein.



## Nærmiljø og samfunn

Vi lever i eit demokratisk samfunn, og vi skal jobbe for at barna får eit godt grunnlag for å delta i dette samfunnet. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunn og verda. Dei skal få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få kjennskap til menneskerettane gjennom leik og varierte aktivitetar.

1-2 år Ministjerne	2-3 år Småstjerne	3-4 år Stjerne	4-5 år Måne	5-6 år Sol
<ul style="list-style-type: none"> <li>-bli kjende på avdelinga og ute i barnehagen</li> <li>-erfare at dei får utfordringar og høve til å vere ein del av og delta i fellesskapet</li> <li>- oppmuntrast til å medverke i eigen kvardag (motto: det er godt å vera akkurat meg, akkurat no, akkurat her)</li> <li>-personalet skal gi barna like moglegheiter, fremje likestilling og motvirke diskriminering, fordommar og rasisme</li> <li>-turar i nærmiljøet</li> <li>- få høyre om Nava Jyoti</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-bli betre kjent med dei andre avdelingane</li> <li>- bli kjent rundt barnehagen</li> <li>- utvide kjennskapen til nærmiljøet (omsorgssenteret, biblioteket, butikken, skulen, Hafslo bhg, kyrkja)</li> <li>-kjennskap til Nava Jyoti (avd på Hafslo)</li> <li>-oppleve dyr på nært hald</li> <li>-17. mai, nasjonaldagen vår</li> <li>-samefolkets dag 6. februar</li> <li>-få kjennskap til å vere hjelpar (ordensunge)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kjennskap og besøk i nærmiljøet (bl.a Teigen, Fluga)</li> <li>-kjennskap til likeverd og mangfald likestilling og fellesskap</li> <li>-dyrehald og gardsdrift</li> <li>-delta i leikegrupper, danne vennskap</li> <li>-erfaring i å lytte, forhandle og diskutere</li> <li>-medverke i eigen kvardag ved å velje leik og kven dei vil leike med</li> <li>-kjennskap til lokale tradisjonar</li> <li>-kjennskap til datoer for ulike nasjonaldagar til dei barna som er på avdelinga</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-nærmiljøet og ulike yrker</li> <li>-demokrati og medbestemming</li> <li>-kvar bur me? (Hafslo, Noreg)</li> <li>-tradisjonar og skikkar</li> <li>-menneskerettane (barnekonvensjonen)</li> <li>-dyrehald og gardsdrift</li> <li>-temaveke</li> <li>-&gt;brann</li> <li>-&gt;førstehjelp</li> <li>-&gt; politi</li> <li>-kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-øve seg på å ferdast i trafikken, trafikkreglar</li> <li>- samarbeid med Solgr i Hafslo bhg (bli kjende før skulestart)</li> <li>-bli kjende på skulen og SFO</li> <li>-levemåtar og familieformer</li> <li>-overnatting i barnehagen</li> <li>-gjere eit arbeid for andre - Nava Jyoti (Gamlestova – delta i oppgåver når vi har Nava Jyoti marsj og lynlotteri)</li> </ul>

## Kommunikasjon, språk og tekst

I dette fagområdet skal barnehagen «bidra til at barna får utforske og utvikle si språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer» (RP s. 47). Barna skal møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, sangar, litteratur og tekstar. Det vil seie at dei skal ha tilgang på eit godt språkmiljø. Sjå den kommunale språkplanen for kva vi skal leggje spesielt vekt på.

1-2 år Ministjerne	2-3 år Småstjerne	3-4 år Stjerne	4-5 år Måne	5-6 år Sol
<ul style="list-style-type: none"> <li>-Personalet brukar språket bevisst og beskriv det vi driv på med</li> <li>-bli kjende med peike- og bildebøker</li> <li>-kjennskap til rim, regler og sangar</li> <li>-positive opplevingar med kommunikasjon, både verbalt og nonverbalt</li> <li>-turtaking</li> <li>-vere i eit godt språkmiljø heile dagen</li> <li>-barna skal «bada» i ord og omgrep</li> <li>-språkleg aktive vaksne som er tilstades for barna</li> <li>-setje ord på kjensler</li>   <li>-setje ord på ting/gjenstandar</li> <li>-visualisering</li> <li>-bruke konkretar i samling</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kjennskap til enkle spel</li> <li>-sjå samheng mellom ord og bilder</li> <li>-enkle leiker, kjenne att leiker som sangleiker, teppeleiken, kims leik</li> <li>-eventyr med og utan konkretar</li> <li>-«møte» bokstavar og det skrivne ord</li> <li>- møte tal</li> <li>-rolleleik (legge til rette for den)</li> <li>-lytta</li> <li>-få erfaring med at ynskjer og kjensler kan setjast ord på</li> <li>-symbol – bokstavnamn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- øve seg i å bruke språket i konflikt</li> <li>-setje ord på kjensler</li> <li>- lytta til lydbøker</li> <li>-prata og lytta i ei gruppe</li> <li>-rolleleik – leggja til rette og delta</li> <li>-fokus på leikekodar</li> <li>- kjennskap til digitale verktøy/internett</li> <li>- øve seg i å gjenfortelje</li> <li>- bruka biblioteket</li> <li>- dialogisk lesing</li> <li>-klappe stavingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-lese bøker – også utan bilde</li> <li>-leike med rim og regler</li> <li>- lytta til musikk</li> <li>-eventyr</li> <li>-lesebesøk frå skulen</li> <li>-utvikle variasjon i språket</li> <li>-utvikle abstrakte omgrep</li> <li>-preposisjonar</li> <li>-bøying av verb</li> <li>-språklydane</li> <li>-ulike media</li> <li>-samheng mellom verbalt språk og dei skrive</li> <li>-leikeskriving og leikelesing</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-samtale</li> <li>-fortelje</li> <li>-fokus på bokstavlyden</li> <li>-rytme</li> <li>-song</li> <li>-vitsar</li> <li>-lese bøker</li> <li>-gjenfortelje</li> <li>-fortelje egne opplevingar</li> <li>-formidle egne meiningar</li> <li>- vere i dialog over tid</li> <li>-skrive på pc</li> <li>- ipad</li> </ul>

## Kropp, rørsle, mat og helse

I dagens samfunn er det mykje fokus på sunn og variert mat og god fysisk og psykisk helse. Slik skal det også vere hjå oss. Vi skal hjelpe barnet og heimen med å legge gode vanar, også når det gjeld hygiene. Barna skal inkludrast i aktivitetar der dei får bevege seg. Dei skal leike og samhandle med andre barn og oppleve motivasjon og meistring ut frå egne føresetnader. Med kroppen som utgangspunkt skal barna sanse, oppleve, leike, lære og skape. Målet er at dei skal vere fysisk aktive 0,5 time i løpet av dagen. Det skal vere i eit inne- og utemiljø som inspirerer til fysisk aktivitet.

1-2 år Ministjerne	2-3 år Småstjerne	3-4 år Stjerne	4-5 år Måne	5-6 år Sol
<p>Bli bevisst eigen kropp og bruken av den.</p> <p>Øve opp fin- og grovmotoriske ferdigheiter</p> <p>-Få øve på å ete og drikke sjølv</p> <p>-Leggje til rette for litt sjølvstendigheitstrening ved på- og avkledning</p> <p>-Fokus på hygiene – m/ vask av hender før måltid</p> <p>Få kjennskap til aktivitetar knytt til ulike årstider.</p> <p>-Få erfare ulike underlag, og få utfalde seg.</p> <p>Etablere eit sunt og variert kosthold (etter nasjonale retningslinjer)</p> <p>-Eit variert mattilbod (både varmmat og kald mat)</p> <p>-Leggje til rette for at ein får ta del i nokre mataktivitetar.</p>	<p>Få ei auka bevisstgjeriing og kjennskap til kroppen</p> <p>Vidareutvikle motoriske – og praktiske ferdigheiter</p> <p>-Øve på å kle på og av seg</p> <p>-Smørje – og legge på pålegg</p> <p>-Ete og drikke sjølv</p> <p>-Gå mest mogleg sjølv på turar utanfor bhgen</p> <p>-Fokus på hygiene – vask av hender før måltid, slutte med bleie/ øve seg i å gå på do.</p>	<p>Me er alle ulike, bli fortruleg med eigen kropp - ei auka bevisstgjeriing og kjennskap til kroppen</p> <p>Vidareutvikle ferdigheiter knytt til sjølvstende ved på- og avkledning, måltid, samt toalettbesøk</p> <p>-Trena på val, og smørja på-dele opp sjølv</p> <p>-Fokus på hygiene og reinslegheit (vask av hender før måltid, og ved toalettbesøk).</p> <p>Beherske ulike underlag, og aktivitetar knytt til ulike årstider (sykkel, ake, hinderløype)</p> <p>-Gå til ulike turmål</p> <p>Vidareutvikle finmotorikken (blyantgrep)</p>	<p>Få eit positivt forhold til kroppen</p> <p>-Forståing og respekt for eigen og andre sin kropp (egne grenser)</p> <p>-Psykisk helse (Kule krabatar leikar)</p> <p>Vidareutvikle og beherske motoriske – og praktiske ferdigheiter</p> <p>-Beherske av- og påkledning</p> <p>-Hygiene knytt til måltid/toalett</p> <p>-Sjølvstende ved måltid</p> <p>Beherske ulike underlag, og aktivitetar knytt til ulike årstider (t.d ski)</p> <p>-Gå til ulike turmål</p> <p>Opparbeide seg eit godt blyantgrep</p>	<p>Få eit positivt forhold til kroppen</p> <p>-Forståing og respekt for eigen og andre sin kropp (egne grenser)</p> <p>Vidareutvikle og beherske motoriske – og praktiske ferdigheiter</p> <p>-Beherske av- og påkledning</p> <p>-Hygiene knytt til måltid/toalett</p> <p>-Sjølvstende ved måltid</p> <p>Opparbeide seg eit godt blyantgrep</p> <p>-Skredans m/Carla</p>

## Kunst, kultur og kreativitet

Gjennom arbeidet med kunst og kultur kan personalet leggje grunnlag for tilhøyrse, deltaking og eige skapande arbeid. Personalet skal stimulere nysgjerrighet, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Vi skal også legge til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna. Det kan skje gjennom musikk, dans og bildekunst.

1-2 år Ministjerne	2-3 år Småstjerne	3-4 år Stjerne	4-5 år Måne	5-6 år Sol
<ul style="list-style-type: none"> <li>-introdusere barna for noko formingsmateriell + ulike teknikkar (t.d plastelina,maling)</li> <li>-baking</li> <li>-lytte og danse til musikk</li> <li>-syngje for barna</li> <li>-få kjennskap til musikkinstrument</li> <li>- bruke kroppen som instrument</li> <li>-dramatisere enkle forteljingar</li> <li>- høyre namnet på fargane</li> <li>-sjå på bilder</li> <li>-byggemateriell</li> <li>- opptre på julefest</li> <li>-barna få dekorere veggene med eigne produkt</li> <li>-sanseopplevingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-bli kjent med meir formingsmateriell</li> <li>-øve seg på fargenamn</li> <li>-varierte musikkopplegg</li> <li>-eventyr</li> <li>-inspirere til kreativitet og skaparprosess</li> <li>-rom og materiell som inspirerer til rolleleik (t.d utkleddingskle og utstyr)</li> <li>-estetiske opplevingar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- fokus på prosess og skaparglede og ikkje produktet</li> <li>-få ein impuls og skal føre til uttrykk</li> <li>-kunne fargane</li> <li>-finmotoriske aktivitetar i forming</li> <li>-sangleikar</li> <li>-rørleleikar</li> <li>-forteljingar med meir tekst</li> <li>-rolleleik, drama, utkledding</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kjenne at system og mønster</li> <li>-konkret teikne- og maleoppgåve</li> <li>-sangar med fleire vers</li> <li>-eventyr, drama &amp; teater</li> <li>-uttrykkje kjensler gjennom forming, song, musikk og drama</li> <li>-ha materiale tilgjengeleg i barnas høgde</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-rolleleik m/utkledding, dramatisering -&gt; få vere kreative, ta i bruk eigen fantasi i leiken</li> <li>-dikte eventyr og historiar</li> <li>-kulturelle opplevingar (teater, kulturøtkter)</li> <li>-Klypp, lim, male, teikne, ta i bruk naturmateriale (land art), perle, plastelina, trolldeig m.m (gje barna tid og rom til å utfalde seg)</li> <li>- eksperimenterer med fargar (blande dei)</li> </ul>

## Natur, miljø og teknologi

Vi vil at barna skal bli glade i naturen og få erfaringar gjennom den. Dei skal få erfaringar som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Vi vil også at dei skal verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. Eit mål her er å at det vi blir glad i og har vi lyst til å ta vare på det rundt oss. Vi skal handle slik at vi får dekt våre grunnleggjande behov utan å øydeleggje for framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Vi lever i eit teknologisk samfunn, og det må vi ta omsyn til og la barna få gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.

1-2 år Ministjerne	2-3 år Småstjerne	3-4 år Stjerne	4-5 år Måne	5-6 år Sol
<p>Naturen = ute, og der skal barna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-ute kvar dag</li> <li>-bruke alle sansane</li> <li>-vere med i ulike aktivitetar</li> <li>-tur i nærmiljøet</li> <li>-oppleve ulike årstider og verslag</li> <li>-utvikle naturglede</li> <li>-kjennskap til norske husdyr</li> <li>-gjere dei nysgjerrige på ting ute</li> <li>-risikoleik</li> <li>-filmsnuttar og musikk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-plante/så og hauste</li> <li>-plukke bær i skogen</li> <li>-ta barna med på dei aktivitetane vi brukar teknisk</li> <li>hjelpemiddel(blender, vaskemaskin, oppvask)</li> <li>-få høve til å utforske nye områder</li> <li>-endringar i naturen</li> <li>-kvar kjem maten me et i frå?</li> <li>-fysisk utfolding - teste egne grenser</li> <li>-variasjon i turmål</li> <li>-få erfaring med ipad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kva skjer i naturen i dei fire årstidene (samtale, undring, refleksjon)</li> <li>-jord, eld, lys og vatn</li> <li>-vere nysgjerrig på liv i naturen og vise omsorg og respekt</li> <li>-forståing for å ta vare på plantar og dyr</li> <li>-kunnskap om dyr, insekt, fisk og vekster i vårt nærmiljø</li> <li>-kjeldesortering</li> <li>-få kjennskap til kamera, telefon, kopimaskin, skrivar</li> <li>– utvikle ferdigheiter i bruk av digitale verktøy, bruke nettbrett, skrive på pc</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-laga mat</li> <li>-miljøvern – korleis kan vi ta vare på miljøet, resirkulering</li> <li>-leite etter svar, også digitalt</li> <li>-gjere ulike eksperiment med naturfenomen og fysiske lover</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kunne kle seg etter veret</li> <li>-hente juletre</li> <li>-bruk av tastatur</li> </ul>

## Mengd, rom og form

Dette fagområdet handlar om at barna skal utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur. Det skal skje gjennom leikande og utforskande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing, og måling.

1-2 år Ministjerne	2-3 år Småstjerne	3-4 år Stjerne	4-5 år Måne	5-6 år Sol
<ul style="list-style-type: none"> <li>-rydde og sortere leiker</li> <li>-legge matboks og kle på eigen plass</li> <li>-personalet nyttar talremse</li> <li>-nytte puttekaske med ulike former</li> <li>-byggje tårn</li> <li>-enkle puslespel</li> <li>-nytte sangar, rim og regler med matematisk innhald</li> <li>-nytte begrep stor – liten</li> <li>-øve seg i begrep som t.d opp/ned, farge, tal osv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-øve på peiketeljing</li> <li>-verte kjende med tala (telje der det er naturleg)</li> <li>-orientera seg i barnehagen og verte kjende med dei ulike romma</li> <li>-nytte begrep (liten – mellomstor - stor, over – under)</li> <li>-nytte eventyr med tal</li> <li>-nytte preposisjonar (først, sist, bak, framfor osv)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kjenne til tala 1-10</li> <li>-kjenne til geometriske figurar (sirkel, kvadrat, rektangel, trekant)</li> <li>-former og mønster</li> <li>-kjenne til dei ulike fargane</li> <li>-spel (memory, lotto)</li> <li>-konstruksjonsleik</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kjenne til dei ulike vekedagane, månadane og årstidene</li> <li>-kunne talremse 1 -10</li> <li>-kjenne til ulike bokstavar</li> <li>-skrive namnet sitt</li> <li>-rekkjefylgje</li> <li>-storleikar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-øve på omgrep som stor/liten, kort/lang, størst/minst, under/over, på/av, bak/framfor osv.</li> <li>-dagens/vekas hjelpar (vere med å dekkje bord, trekkje kalendar, telje ungane)</li> <li>-kims leik</li> <li>-terningspel – kunne telje og flytte</li> <li>-kunne nytte omgrepa i går, i dag og i morgon</li> <li>-kunne namnet på nokre geometriske figurar (sirkel, trekant, kvadrat og rektangel)</li> <li>-delta i matlaging (erfaring med vekt, antal og volum)</li> </ul>

## Etikk, religion og filosofi

Dette fagområdet er med på å forme korleis vi oppfattar verda og menneska, og det pregar verdiar, normer og haldningar. Det er også prega av mangfald. Barna skal få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing av livsgleda og levesettet til andre mennesker. Vi skal leggje grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft. Det gjer vi ved å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål, og det skal gi barna høve til å sjølve formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar.

1-2 år Ministjerne	2-3 år Småstjerne	3-4 år Stjerne	4-5 år Måne	5-6 år Sol
<ul style="list-style-type: none"> <li>-korleis skal vi vere saman med andre</li> <li>-erfare å vere ein av ei gruppe</li> <li>- dele med andre</li> <li>- erfaring med å ta egne val</li> <li>- lære «skikk og bruk»: helse godmorgon, takk for i dag, syngje og takke for maten, «kan eg få...»</li> <li>- erfare gode løysningar i konfliktsituasjon</li> <li>- besøk av presten i adventstida</li> <li>-vise respekt for alle i gruppa sin religion</li> <li>-viser respekt og forståing for barna sine kjensler</li> <li>- ta barna sine kjensler på alvor</li> <li>-vaksne skal vere gode rollemodellar, utvikle gode relasjonar, vise respekt for kvarandre</li> <li>- jobbe etter mottoet slik at barna skal føle: «det er godt å vera meg ,akkurat her, akkurat no</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-vise og utvikle omsorg for kvarandre</li> <li>-undra oss saman med barna</li> <li>-filosofere med barna</li> <li>-kjennskap til kjenslene (glad, trist, sint, redd, nysgjerrigheit og skam) og vise respekt for dei</li> <li>-gjenkjenne andre sine kjensler og utvikle empati</li> <li>-turtaking (i leik, ved matbordet m.m)</li> <li>-Kyrkjebesøk, i samband med påske</li> <li>-markere høgtider tilpassa modningsnivå</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-trene på å tenkje gjennom ting</li> <li>-vera nysgjerrig</li> <li>-bevisstgjerig – egne handlingar påverkar andre</li> <li>-Få erfaring med at : «det er fint å vera meg – det er fint å vera ulike»</li> <li>-setje grenser for seg sjølv</li> <li>-øve på sinnemeistring</li> <li>-respektere kvarandre</li> <li>-samtale og bøker om vennskap</li> <li>-bli kjent med andre kulturar som er representerte i barnegruppa</li> <li>-høgtider og tradisjonar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kjenna til religionar og livssyn som er representert i barnegruppa. Samarbeide med foreldra med anna religion, i forhold til kva som er viktig for dei.</li> <li>-løyse problem</li> <li>-øve seg i å tenkje sjølvstendig</li> <li>-undra seg over livet, (naturen, liv og død)</li> <li>-samtale og filosofera over grunnleggande spørsmål</li> <li>-respekt og toleranse for kvarandre i det vi seie og gjer</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-kunne setje ord på egne kjensler, forstå konsekvensar av egne handlingar, utvikle evne til å løyse konflikhtar</li> <li>-Den gylne regel: «Alt de vil at andre skal gjera mot dykk, skal de og gjera mot dei»</li> </ul>

## Utviklingsområder 2022

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon. Det vil seie at vi heile vegen skal jobbe for å vere i utvikling og bli betre. Dette kan ein oppnå ved å delta i ulike satsingar. Dei fleste av satsingane skal vere kompetansehevande for personalet, og det igjen skal gi betre kvalitet på barnehagetilbodet. Vi har nokre kommunale satsingar som «Psykisk helsefremjande barnehage», «Circle of security» (tryggleikssirkelen) og «Livsmeistring - robuste barn og ungdom» som vi forpliktar oss til, og vi har våre eigne satsingar som «Leikekompetanse» og «Livsmeistring og vaksenrolla». Psykisk helsefremjande barnehage er den overordna og største av satsingane, og dei andre kan sjåast i samheng med denne. Dei glir over i kvarandre.

### **PSYKISK HELSEFREMJANDE BARNEHAGAR**

Det er eit felles utviklingsprosjekt for alle barnehagane i Luster, og det skjer i samarbeid med Styd kommunikasjon. Fokus i prosjektet er å skape gode og utviklande barnehagemiljø som inkluderer alle, og utarbeide ei digital håndbok som sikrar at vi jobbar innafør Grunnlova, Fn's barnekonvensjon, barnehagelova og rammeplanen for barnehage.

Å utvikle gode og utviklande barnehagemiljø vil seie at vi skal sjå nærmare på praksisen vår. Personalet skal utvikle gjerekompetansen sin, og i denne samanhengen snakkar vi om å omsetje ord til handling. Det vi tenkjer og seier vi skal gjere, må vi faktisk utføre. Det kan mange ganger vere eit gap mellom dette, og vi skal jobbe for at det skal bli betre samsvar mellom det. Dette er arbeid og refleksjonsprosessar som tek tid. Og den digitale håndboka skal sikre at arbeidet skjer systemtisk. Boka «Barn er budbringere» er utgangspunkt for arbeidet. Arbeidet er langsiktig, og alle pedagogane har delansvar for å komme i mål med det.

Denne satsinga er delt opp i ulike områder.

### **Område 1 Juridiske rammer**

Her har vi arbeida spesielt med Fn's barnekonvensjon. Den seier mykje om kva som er barna sine rettigheter, og at dei skal vere styrande for vala som personalet tek i arbeidet med barna. Det vil seie at personalet skal ha ei rettighetsbasert tilnærming. Vi må gjere oss kjende med styringsdokumenta med tanke på barnet sitt beste. Vi må omgjere den teoretiske forståinga til å bli praktiske handlingar. Dette skjer gjennom bevisstheit, refleksjon og mykje øving. Vi skal bruke barn sine rettigheter som argument og ha med oss barna sine perspektiv og autonomi og barnet sin rett til reell medverknad i samværet med dei.

### **Område 3 Leiarskap**

Området om leiarskap er noko ped.leiarane, ass. styrar og styrar har fokus på. Ein er avhengig av at nokon held tråden for å nå måla. Det er ein fordel om det skjer i fellesskap for ein har då fleire å spele på og komme med idear. Spørsmålet blir korleis skal vi jobbe for å utvikle betre kvalitet på barnehagetilbodet. Leiarane i ein psykisk helsefremjande barnehage

- forstår kva barn sin rett til utdanning betyr
- overset dei juridiske rammene og slik utfører barnehagen sitt samfunnsmandat
- sørgjer for at alle ansatte har sett set inn i og forstår kva verdi- og kunnskapsplattformen betyr
- er aktørar og tek ansvar for tilbakemeldingskulturen
- lyttar, tek innspel og er i ein dynamisk relasjon med barn, foreldre og kollegaer

### **Område 4 Relasjonsarbeid**

Vaksenrolla er det viktigaste for arbeidet i barnehagen. Kvaliteten i relasjonane er avgjerande. Når det gjeld å bygge gode relasjonar til barn, må kvar enkelt ansatt jobbe kontinuerleg med eigen veremåte og eigen bagasje. Vi lyt vere bevisste på oss sjølve, og når vi har ulike tema knytt til arbeid med vaksenrolla må kvar enkelt tenkje kva skal EG SJØLV gjere med dette og korleis blir eg betre.

Personalet i barnehagar som er psykisk helsefremjande

- søkjer aktivt kunnskap om barn si utvikling og behov
- er sensitive, responderande, tilgjengelege i samspel med barn
- har ein bevisstheit rundt begrepet mentalisering og si eiga mentaliseringsevne
- følgjer barnet sitt initiativ og er inntona på barnet sitt behov i ein gitt situasjon
- jobbar systematisk med observasjon og beskriv samspelssekvensar fagleg og objektivt

Dette området må sjåast i samanheng med satsingane på COS (tryggleikssirkelen) og «Eg i møtet med barnet». Begge desse satsingane handlar om å utvikle vaksenrolla og vår relasjonskompetanse.

### **Område 6 Struktur**

Med å jobbe som psykisk helsefremjande barnehage, har ein sagt at ein vil prioritere leiken. Det er den grunnleggande aktiviteten til barna, og den må derfor prioriterast høgt. Det har vi gjort ved å velje leikekompetanse / sosial kompetanse som årets tema, og vi har sett fokus på kva fysisk leikemiljø vi tilbyr barna spesielt inne. Det blir og fokus på vaksenrolla i leiken. Kvar er vi når barna leikar? Kva må eg tilføre leiken for å få utvikle den vidare? Korleis kan eg hjelpe det enkelte barnet i leiken? Ved å satse på leiken ser vi også på korleis vi organiserer dagen. Vi prøver å ha eit bevisst fokus på at vi ikkje skal bryte av leiken for ofte.

### **Område 8 Foreldresamarbeid**

Intensjonen er at barna skal ha det best mogleg. I barnehagen må vi eit godt samarbeid heim – barnehage der det er god dialog med alle føresette. Personalet i barnehagen har ansvar for å etablere og vedlikehalde samarbeidet. Saman skal vi «bære» barnet fram. Barnehagen kan vere ein plass der føresette kan søke rettleiing og råd ang barnet, og det er ein plass der ein har samtale rundt barnet. Føresette skal bli teke på alvor, og vi må passe på snakke MED føresette, ikkje til eller om. Vi skal legge til rette for møtearenaer som blir opplevd som lavterskeltilbod. I møte med føresette må vi vere obs på dialogen vi har og holdning i samtalen.

### **INFORMASJON OM DEI ANDRE SATSINGANE:**

**CIRCLE OF SECURITY (COS)** – informasjon på side 6

### **LIVSMEISTRING – ROBUSTE BARN OG UNGE**

Eit samarbeidsprosjekt mellom Luster og Sogndal kommune som strekk seg over 5 år (2021 – 2025). Det er for barn og unge i alderen 0-16 år. Det er sett saman ei tverrfagleg prosjektgruppe som har jamlege treff. Gruppen er sett saman av psykolog, helsesjukepleiar, politi, representantar frå barnehage og skule, foreldrerepresentantar frå barne- og ungdomsskule og tilsette i prosjektet. Overordna mål er å gi barn og unge i Luster og Sogndal kommune kompetanse, dugleik og verktøy til å kunne utvikle ei god og robust psykisk helse.

Prosjektet er i ein forankringsprosess. Det må bli kjent ut til kommunane og til personalet i dei enkelte einingane. Fram til no har det vorte jobba med ei kartlegging for å finne ut av på kva område ein skal setje fokus på. Det som utmerkar seg er sosial kompetanse og foreldresamarbeid. For å kunne oppnå robuste barn må vi saman med føresette dra i same retning.

### «EG I MØTET MED BARNET»

Gjennom ordninga med regional kompetanseordning (rekomp) har barnehagen fått tilført midlar for å arbeide med eit utviklingsarbeid. Det har vi kalla «Eg i møtet med barnet». Dette er ei barnehagebasert kompetanseutvikling der vi involverer heile personalgruppa og arbeidet går føre seg i vår eiga eining. Målet er at vi skal profesjonalisere den vaksne sitt møte med det enkelte barnet. Merete Nornes-Nymark (HVL) er med oss som rettleiar.

Grunnar til at ein skal ha barnehagebasert kompetanseutvikling er

- den ansatte sin kompetanse er den viktigaste enkeltfaktoren for barn sin trivsel og utvikling
- krav om at barnehagen er ein lærande organisasjon og eit lærande fellesskap
- frå individuell til kollektiv kompetanseutvikling
- endring av praksis og utvikling av kvalitet

Våren 2022 skal vi jobbe med vaksenrolla og relasjonskompetanse. Vi nyttar pedagogisk dokumentasjon som arbeidsmetode.

Framdriftsplan:

1. Felles personalmøte – innføring i pedagogisk dokumentasjon (kva, korleis og kvifor) og relasjonskartlegging v/ Merete
2. Pedagogisk leiarmøte – kva situasjonar skal vi nytte pedagogisk dokumentasjon i?
3. Personal møte – avdelingsvis, alle jobbar med mellomliggende arbeid knytt til kvalitet i relasjonar og pedagogisk dokumentasjon
4. Felles personalmøte – ei oppsummering om kvar ein er no, fokus på kvalitet i relasjonen (vanar som har vorte til uvanar og forbetringar i kvardagspraksisen) og vegen vidare

### LEIKEKOMPETANSE OG SOSIAL KOMPETANSE

Når vi har valt å vere ein psykisk helsefremjande barnehage, har vi i følge Line Meldvold valt å satse på leiken. Leiken er barnet sin dominerande aktivitet. Barna skal ha medverknad på kva og kven dei skal leike med. Personalet skal vere nær leiken, følge den opp og sjå at alle har det bra i eit godt og inkluderande barnehagemiljø.

For å kunne fungere godt i sosiale samanhengar treng ein god utvikling i sosial kompetanse. Barna må øve seg i relasjonelle ferdigheiter der ein må sjå kva veremåte som passar for den enkelte situasjonen ein til ei kvar tid er seg i.

## ACT NOW

- kontrollbarnehage, bidreg med å gå med aktivitetsband og gjennomføre ulike målingar

## DEN VAKSNE

Psykisk og fysisk helsefremjande barnehage  
Inkluderande barnehagemiljø

### PSYKISK HELSE- FREMJANDE BARNEHAGE

Felles satsing for bhg'ane i Luster, i samarb med STYD  
Digital håndbok

Områder

1. Juridiske rammer
2. Lærande og profesjonell org (kontoret)
3. Leiarskap (kontoret + ped.leiarane)
- 4. Relasjonsarbeid**
5. Livsmeistring og sårbarheit
6. Struktur
7. Innhald
- 8. Foreldresamarbeid**

### CIRCLE OF SECURITY (COS)

Foreldrekurs, tilbud om kurs haust og vår

Vaksenrolla – ein arbeidsmetode som har som mål å fremje tilknytning mellom barn og omsorgsperson, arbeid i personalgruppa  
Vidareføre for dei som fekk det med seg i fjor  
Innføring for dei som er nye

### SOSIAL KOMPETANSE

Lære seg å fungere godt saman  
Øve seg i relasjonelle ferdigheter der ein må sjå kva som passar seg av veremåte for den enkelte situasjonen ein til ei kvar tid er seg i

### LEIKEKOMPETANSE

Leik - barn sin dominerande aktivitet  
Skape gode leikemiljø fysisk og psykisk  
Barna skal ha medverknad på kva og kven dei vil leika med  
Alle skal vere inkluderte

### LIVSMEISTRING OG VAKSENROLLA (REKOMP)

Livsmeistring  
Den profesjonelle vaksne -bevisstgjering av korleis vi handlar i relasjonen med barn

Auka kompetanse kring vaksenrolla  
Kollegarettleiing (samarbeid med HVL)  
Fagsamtale?

### LIVSMEISTRING ROBUSTE BARN OG UNGDOM (2021-2025)

Gi barn kompetanse, dugleik og verktøy til å kunne utvikle seg til gode og robuste barn som meistarar livets med- og motgangar  
0-16 år  
Forankring av prosjektet i personalgruppa

## VAKSENROLLA

### REGIONAL PLAN FOR ARB MED PSYKISK HELSE

- 10 timar opplæring (5 modular)
1. Haldningar og bakgrunnskunnskap
  2. Kva som fremjar psykisk helse
  3. Kjensler – å forstå dei og handtere dei
  4. Risikofaktorar i barnehage og skule
  5. Om å handtere teikn på vanskar

Er avslutta, men skal fortsatt vere med oss

# NÅR BARNET DITT SVARAR -> «I dag har eg berre leikt» då har barnet ditt:

Leikt med venner

Forholdt seg til reglar

Vennskap

Konsentrasjon

Motorisk trening

Leikekompetanse

Lære å dele med kvarandre

Sjølvstendigheit

Samspel

Brukt fantasien

Venta på tur

Delt opplevingar

Godheit

Verdi for gruppa

Empati

Meistring

Ærlegheit

Språktrening

Humor

Tru på seg sjølv

Inkluderande

Undring

Forhandling

Tid

Øve seg i å vere leiar

Rollemodell

Sosialisering

Kjensler

Kunnskapshungrig

Ro og harmoni

Samhold til barn – barn & barn – vaksen

Toleranse

Turtaking

Kommunikasjon (verbalt & nonverbalt)

Rettferdigheit

Konfliktløysing /- håndtering



## ÅRSJUL 2022

	TEMA	ANNA
	<p>Hovudtema – Leikekompetanse / sosial kompetanse</p> <p>Leik – er naturleg å ha fokus på når vi jobbar med psykisk helsefremjande leikemiljø. Kvar avdeling legg sjølve opp til korleis dei vil jobbe med det. Ein skal tenkje på kva leikemiljø ein tilbyr og som innbyr til leik, korleis organiserer vi dagen for å få tid til å leike, personal som har kunnskap om leik og vaksenrolla i leiken, vaksne som er pålogga og aktive saman med barna. Dette gjeld både inne- og uteleik.</p>	
<b>JANUAR</b>	<p>Oppstart nye barn, innkøying / tilknytning</p> <p>Nye grupper på avdelingane</p>	
<b>FEBRUAR</b>	<p>Samefolkets dag, 6. februar</p>	
<b>MARS</b>	<p>Utkledningsfest</p> <p>Barnehagedagen</p> <p>Utviklingsamtalar</p> <p>Kartlegging av barnehagen sitt oppvekstmiljø (dei vaksne sitt forhold til barna og miljøet i barnehagen)</p> <p>Barnemøter (gjennomføring av barnesamtale og vennskapsbussen)</p> <p>- for Sol-, Måne- og Stjernegruppa</p> <p>Kontaktbarometer- barn og føresette</p>	

<b>APRIL</b>	Nava Jyoti lynlotteri 7. april Påske Utviklingsamtalar	
<b>MAI</b>	17. mai Foreldremøte, nye foreldre Foreldremøte, 1. klasse Samtalar med 1. klasse lærarane (fokus på overgangen)	Planleggingsdag 21. mai
<b>JUNI</b>	Leikedagar – besøk av nye barn Førskuledagar Sommarfest (arr. av FAU)	
<b>JULI</b>	Samanslegne avdelingar	Feriestengt veke 29 og 30
<b>AUGUST</b>	Oppstart nytt barnehageår 16. aug, tilknytningsperiode	Planleggingsdagar 12. og 13. august
<b>SEPTEMBER</b>	Tilknytning Friluftlivsveka – veke 36 Brannvernveka – veke 38 Foreldremøte Samarbeidsmøte barnehage – skule	
<b>OKTOBER</b>	1.klasse kjem på besøk Barnemøter (gjennomføring av barnesamtale og vennskapsbussen) Nava Jyoti marsj Politiveke Meg sjølv veke (besøk av tannpleiar, vennskap)	

	Førstehjelpsveka Kartlegging av barnehagen sitt oppvekstmiljø (dei vaksne sitt forhold til barna og miljøet i barnehagen) Kontaktbarometer – barn og føresette	
<b>NOVEMBER</b>	Førstehjelpsveke Utviklingssamtalar Tenning av juletre, ute Nava Jyoti – foreldrefrukost	Planleggingsdag 4. november
<b>DESEMBER</b>	Advent og jul – tradisjonar Luciamarkering – Solgruppa går i Luciatog på omsorgssenteret m/Solgruppa i Hafslo bhg Jultrefest (arr. av FAU) Nissefest Leikedagar – besøk av nye barn	

**Samarbeid med skulen (Sol – gruppa)**

Kulturøker (4 stk før og etter jul)  
Treffpunkt med fadrane på skulen  
Førskuledagar

**Nasjonaldagar:**

India 26. januar  
Syria 17. april  
Noreg 17. mai  
Storbritannia 16. juni  
USA 4. juli  
Irak 14. juli  
Latvia 18. november

Kule krabatar leikar – kor tid skal vi gjennomføre det?